



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2009006090-12, 200904040-9, 200904123-18,	24.03.2014	37538/2014/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	20.06.2014

Sundal kommune - konsesjon med konsekvensutgreiing for 5 småkraftverk - fråsegn ved offentleg høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

KONSEKVENsutGREIINGA

Det er ulike selskap som står bak dei ulike søknadene. Utforminga av konsekvensutgreiingane er derfor også noko ulik. Vi har vurdert KU særskilt med utgangspunkt i fire tema som er fylkeskommunen sine ansvarsområde:

- kulturvern og kulturlandskap
- friluftsliv
- næringsliv generelt og særskilt reiseliv
- regionale delplanar for nasjonale villreinområde

Når det gjeld kulturminne har vi ikkje merknader til konsekvensutgreiingane.

Når det gjeld friluftsliv har vi ikkje vesentlege merknader til konsekvensutgreiingane for Skrandal, Gryta og Somrungen og Torske, med unnatak av at vi gjerne hadde sett at friluftinteressene vart framheva som eige punkt. Ut frå både folkehelseperspektivet og ut frå det samla omfanget av friluftsliv som aktivitet, fortener dette tema meir merksemd enn det som er gitt. Termen "brukarinteresser" vert etter vår erfaring oppfatta meir som privatrettslege interesser enn som ålmenne interesser.

Når det gjeld Hareima er KU etter vår vurdering svært knapp om friluftinteressene, og det synest ikkje som om utgreiar har vore i kontakt med kommunen eller andre med lokal kunnskap med sikte på ein meir kvantitativ tilnærming til omtalen. Vi er kjende med at Hareimsdalen er nokså mykje nytta i samband med friluftsliv. Dette gjeld både dalen sjølv og som tilkomst til toppane innanfor. Verknadene for friluftsliv heng sjølv sagt saman med andre kvalitetar som vert omtalt og påverka, til dømes landskap, INON, fisk og vilt, naturmangfald og må sjåast i lys av dette. Vi ser ikkje bort frå at ei nærare vurdering med kommunen vil kunne gi endringar i konklusjonen for Hareima.

Når det gjeld reiselivet, så er Rv 70 ei viktig innfartsåre til fylket. Både Møre og Romsdal og andre delar av Norge profilerer og marknadsfører urørt og flott natur- og kulturlandskap som attraksjonselement. Det er derfor svært uheldig om fossefall i store delar av eit dalføre blir lagt i røyrt då nettopp desse fossefalla utgjør ein stor del av attraksjonen.

Særleg gjeld dette sjølvsagt fossefall som er godt synleg frå vegen. Også for reiselivet vil konsekvensar ha samanheng med andre tema som er drøfta og vurdert i KU. Utfordringa med fem separate søknader er at det ikkje ligg føre fagleg funderte vurderingane av kumulative effektar i særleg grad, og i alle fall ikkje knytt til reiselivet. Vi viser for vår del til avsnittet om samla vurdering til sist i brevet.

For villreinen sin del vil vi vise til arbeidet med regional delplan for Dovrefjell-Sunndalsområda. Den regionale planlegginga har utgangspunkt i ei tinging frå Miljøverndepartementet (plandelen av dette er no i KMD) med sikte på fastsetting av nasjonale villreinområde. I samband med dette har også Norsk institutt for Naturforskning gjennomført ei kartlegging og drøfting av villreinens leveområde ut frå biologiske kriterium. Ei biologisk avgrensing av leveområda er fastsett i NINA rapport 800, og femner areal innanfor nedslagsfeltet både i Skrondalselva og Hareima. Villrein er nemnt i Skrondalsrapporten, men det er ingen tilvising verken til NINA 800 eller til arbeidet med regionale delplanar. I KU for Skrondalselva er forøvrig vist til feil villreinområde; Ottadalen, rett namn skal vere Snøhetta. I Hareima er villrein ikkje nemnt i det heile. Dette er ein mangel ved utgreiingane som vi vil krevje korrigert.

I Skrondalsrapporten saknar vi elles eit tabellarisk oversyn over samla verknader (kap 3.17). Det er berre gitt ei tekstleg samanfatting.

OM DEI EINSKILDE PROSJEKTA

HAREIMA

Dette vassdraget ligg nær Sunndalsøra sentrum og er svært godt synleg både derfrå og frå Rv 70 langs begge retningar. Det utgjer såleis eit signal i landskapet som er viktig for mange og som også i reiselivssamanheng er signifikant, jamfør også Erdalselva i Øksendal der det tidlegare er gitt avslag på søknad.

Vi registrerer likevel at dette vassdraget har langt det største kraftproduksjonspotensialet og at det også er tenkt den største minstevassføringa. I flaumsesongen er det berre ein liten del av vassføringa som vil inngå i produksjonen.

Vi har ingen merknader om automatisk freda kulturminne.

Jamfør ovanfor ber vi om ei meir kvantitativ tilnærming til utgreiingane om friluftsliv, og også at ein synleggjer det arbeidet som går føre seg for å fastslå nasjonale villreinområde, der delar av nedslagsfeltet fell innanfor det biologiske aktivitetsområdet til Snøhettareinen.

TORSKE

Det blei gjennomført ei arkeologisk registrering i 2009, utan funn av automatisk freda kulturminne. Vi har såleis ingen merknad til søknaden.

Dette prosjektet er samla det nest største i søknadspakken når det gjeld kraftuttak. Kvart av delprosjekta Skorga og Fossa er likevel i same storleik som Somrungen, Gryta og Skrondal. Skorga og Fossa fell saman med Driva ved bustadområda på Grøa og pregar naturleg nok det estetiske i desse miljøa. Begge vassdraga er også blant dei mest spektakulære sett fr Rv 70 i flaumperioden. Minstevassføringa som her er foreslått vil neppe vere tilstrekkjeleg til å sikre denne verdien. Vi legg også vekt på at dette er to separate elvestrengar.

SOMRUNGEN

Automatisk freda kulturminne

Den nedre del av røygata har eit høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Garden Almhjell låg tidlegare oppe på hjellen ovanfor tunet (Gammelheimen), og har også namn etter denne. Tunet blei flutt etter Storofsen i 1789, då det skal ha gått ras nordvest for dette. Ved seinare nydyrking blei det påvist gamle matjordslag under rasmassane. I dag er det synleg fleire tufter og steingardar i området, hovudsakleg etter seinare husmannsplassar.

Det er også gjort funn av skifer og ein flintdolk frå yngre steinalder – bronsealder på garden.

Vi varslar derfor at det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering, jamfør Kulturminnelova § 9, i samband med planen. Jamfør § 10, same lov, er det tiltakshavar som må dekke kostnadane ved registreringa.

Det vil i områda med dyrka mark i planområdet vere aktuelt å sjakte med maskin etter automatisk freda kulturminne under markoverflata. Tiltakshavar må sjølv skaffe og dekkje gravemaskin med førar til registreringa, jf. Kulturminnelova § 10. Gravemaskina bør helst vere 10-15 tonn, og ha skuff med flatt skjær på minst 1,20 m breidd i tillegg til rotor- og tiltfunksjon. Vi føreset også at tiltakshavar gjer naudsynt påvising av kablar og rør i aktuelt område og varslar alle grunneigarar/brukarar som vert berørt av tiltaket før registreringa gjennomførast.

Vi reknar at registreringa let seg gjennomføre innanfor rammene av maksimalt to vekeverk feltarbeid, noko som gjev ei økonomisk ramme på 60 000,-. Dette dekkjer løn og administrasjonsutgifter, samt reise- og opphaldskostnadar etter statlege satsar. I tillegg kjem for- og etterarbeid på eit vekeverk. Denne typen arbeid er friteke frå meirverdiavgift. Det kan i samband med registreringa verte aktuelt å datere eventuelle funn, særleg der ein er i tvil om alder og vernestatus. Det vert difor budsjettert med inntil 2 C14-analysar à kr. 4200,- i tillegg til arbeidet.

Samla økonomisk ramme for det arkeologiske arbeidet utgjer etter dette:

2 vekeverk feltarbeid à 30.000,-	60.000,-
1 vekeverk for/etterarbeid à 15.000,-	15.000,-
<u>2 14C-prøver à 4.200,-</u>	<u>8.400,-</u>
Sum	83.400,-

Tinging av feltarbeid må vere skriftleg, og fakturaadresse må gå klart fram. Vi ber og om å få tilsendt mest mogleg oppdatert kartmateriale ved eventuell tinging.

Kulturminne frå nyare tid

Søknaden omfattar eit område med kulturminne frå nyare tid. Ved Gammelheimen er det registrert fleire tufter og steingardar knytt til husmannsplassar i nyare tid, og i områda langs elva mellom stasjonstomta og tunet på Almhjell er det registrert fleire kvernhus og vassrenner knytt til desse. Det er også spor etter eldre kraftverk i området.

Ved ei eventuell utbygging vil vi be om at desse kulturminna blir ivareteke, og at tiltak som rørgate, tomteplassing og vegtraséar i størst muleg grad bli justert etter dette.

GRYTA**Kulturminne frå nyare tid**

Det er registrert ein del steingardar i stasjonsområdet. Ved ei eventuell utbygging vil vi be om at de i størst muleg grad tek omsyn til desse. Vi har elles ingen merknad.

SKRONDAL**Kulturminne frå nyare tid**

Øksendal er registrert som eit kulturlandskap av regional verdi. Ved ei eventuell utbygging må ein vurdere krav om avbøtande tiltak i detaljplan, men vi har elles ingen merknad.

I Øksendalen er Skrondalselva den siste av elvane på sørsida som ikkje er utbygd. Dette må takast med i vurderinga. Øksendalen har elles mindre verdi i reiselivssamanheng enn Sunndalen.

SAMLA VURDERING

Dersom det skal prioriterast mellom ulike vassdrag i denne pakka, vil først og fremst rå til å ta ut Torske. Dette er grunngitt i ei samla vurdering av verdiane for landskap og reiseliv, kombinert med avgrensa kraftproduksjon.

Vi vil ikkje ha merknader til at det vert gitt konsesjon til Gryta, Somrungen og Skrondalselva, gitt at avbøtande tiltak og registreringar er gjennomført, jamfør merknader ovanfor. For Skrondalelva bør det gjerast nokre oppdateringar/korreksjonar i KU vedrørende villrein.

Når det gjeld Hareima er utgreiingane framleis noko mangelfulle både når det gjeld villrein og friluftsliv. Vi er i tvil om desse manglane skal vere avgjerande i forhold til sluttvedtaket, men rår sterkt til at KU vert oppdatert noko. Dei landskapsmessige, friluftsmessige og reiselivsmessige konsekvensane av utbygging tilseier at vi vil rå i frå konsesjon.

Saka vert lagt fram som orienterings sak for fylkesutvalet 30 juni. Fylkesutvalet kan gjere vedtak om endringar i fråsegna.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Ass. fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf 71 25 89 03
Reiseliv: Rådgivar Lillian Sæther Sørheim, tlf. 71 25 81 96

Kopi:
Sunndal kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her